

Kjære sau- og geitvenner, utsendingar, gjestar og æresmedlemmar!

Velkome åt årsmøtet i Oppland Sau og Geit for 2009. Velkome åt årsmøtehelga, som i tillegg til årsmøtet vil innehalda ulike seminar, årsmøte i Ring 41 og sikkert mykje hyggeleg sosialt samvær. Festmiddagen på Vianvang i kveld vil kanskje vera eit høgdepunkt for mange av døkk. Eg vonar likevel at helga vil by på mykje fagleg stoff, og gje oss både bokleg og praktisk lærdom.

Takk til Anders for fin velkomst hit åt Vågå. Takk til andre medlemmer frå her som har vore med å planlagt arrangementet. Ein spesiell takk vil eg gje åt dei som har stilt fjøsa sine til disposisjon til seminaret. Den som likevel fortener den største takken er sekretæren vår, Ken Lunn, som har hatt hovudansvaret og mykje arbeid med å sy denne helga saman for oss.

Ein kjent og kjær kar i miljøet vårt, Lars Lauvsletten, gjekk bort og vart heidra med krans frå OSG i gravferda si 15. april 2009. Lars hadde ei lang merittliste i organisasjonsarbeidet sitt for sauehaldet. Han var med å stifte den fyrste verringen i Oppland i 1965. Ringen hadde medlemmar frå Biri i sør til Nord-Fron i nord, og Lars var kjørekar frå Fåvang og nordover. Han var aktiv i verringen i alle år, som etter kvart vart ring 52 Nord-Fron. I tillegg var han lokallagsformann i Nord-Fron Sau- og Geitalslag i 19 år. Frå 1966 til oppnått pensjonsalder var Lars kåringsdommar. Vidare sat Lars i styret i OSG frå 1970 til 1985, dei 6 siste åra som formann. Innimellom dette var han formann i avlsutvalet i Oppland frå 1980 til 1982. Etter det lange engasjementet i OSG fekk han OSG sitt diplom i 1986, og vart i 1993 utnemnt til æresmedlem.

På kransen vart dette siste helsinga til Lars frå oss alle i OSG-familien: ”Takk for tida du gav og delte med oss.”

I same stunda må eg innrømme eit mistak vi gjorde ved årsmøtet i fjor, der eg gløynde å æra min eigen svigerfar, Hans Forr, som gjekk bort 18/3 2008. I tillegg til å inspirera meg sjølv til å byrja med sau, var han heile livet som gardbrukar særst aktiv i sauemiljøet. I denne tida sjølvst og både som formann i Sør-Fron Sau- og Geitalslag og ringleiar i spælring 42 på Fron. Hans var formann i OSG frå 1971 til 1977, medlem av representantskapet i NSG frå 1971 til 1976, nestformann i NSG frå 1976 til 1980. For dette fekk han OSG sitt diplom i 1978 og NSG sitt diplom i 1981. Vi minner derfor Hans Forr og Lars Lauvsletten i dag med 1 minutt stillheit og lyser fred over minnet deira.

2009 vart enda ein gong eit utfordrande år for småfehaldet.

Jordbruksforhandlingane gav oss lovnad om inntektsauke i form av auka målpris. Men når ein ikkje på langt nær kan ta ut målprisen i hovudsesongen, så vart auken for dei fleste av oss heller ein nedgang. Vi satsa på auking i utmarksbeitetilslotte, men vart ikkje høyrte.

Den største utfordringa fekk vi likevel frå kjent hald – freda rovvilt og forvaltarar av rovviltpolitikken. Den største skadevoldaren i den seinare tid, jerven, har vi nokolunde kontroll på, og tapa har gått ned. Har kvota på gaupa vorte sett høgt nok, har vi òg hatt ”rettare” bestand av gaupe og dermed mindre tap. Når det gjeld bjørn og ulv må vi berre beklaga at desse no står for 1/3 av tapa, heilt unødvendige og meiningslause hendingar. Desse fører attpåtil til at unge brukarar gjev opp. Medan politikarar pratar med fine ord om beitenæringa, arbeidar byråkratar i MD og DN det beste dei kan i mot. Eg trur sikkert eg har brukt minst 80 % av tida mi i lagsarbeidet i OSG dette året til rovviltrelaterte saker. Da Heidi Sørensen for eit par veker sidan kom med heilt nye tankar om at vi ikkje hadde ”makstal” i gaupebestanden, må eg innrømme at eg var langt nede og tenkte: ”er det noko vits å arbeida med dette?” Rovviltpolitikken ser ofte ut til å vera ein by/land-kamp. Vi har mange flinke og tunge støttespelarar i saka vår. OSG har eit godt omdømme i forvaltninga i Oppland, jmf. flyttinga av dyret i jervkvota no sist. Hadde vi fått forståing for synet vårt på bjørne- og ulveforvaltninga på nasjonalt plan, les: fått Ap sentralt med oss, kunne vi ha fått ein mykje tryggare kvardag for beitedyra våre. Vi kjem attende til rovviltforvaltninga seinare i årsmøtet.

Fotråte var som døkk veit eit heitt tema i 2008, medan 2009 etter kvart viste at fotråtebakterietypa i Oppland var utbreidd, men ikkje på langt nær så farleg som fyrst meint. For berre 2 dagar sidan fekk vi endeleg høyra ein fagleg rapport om dette. Den såkalla ondarta bakterietypa er pr. i dag påvist i 5 kommunar i Rogaland, slik at tiltak no vert sett inn der. I resten av landet kan vi pusta lettare, for her er det prat om ei såkalla godarta type av bakterien. Framleis er hovudregelen at det beste og sikraste er å halda eit godt og tørt miljø for buskapen.

Geitedagane 2009 vart arrangert for fyrste gong i Oppland, nærare bestemt på Beitostølen. Dette er det viktigaste arrangementet i året for geitefolket, og arrangørane kunne skryta av eit plettfritt gjennomføring med kjempesint ver og publikumsrekord. Som i andre produksjonar går tal produsentar med geit òg ned. Dei attverande vert større og leverte 3,7 % meir mjølk i 2009 enn i 2008. Det er

nå 85 mjølkegeiter pr. bruk i snitt, og gledeleg for Oppland er at selde geitemjølkkvoter ikkje lenger forsvinn til vestlandet. Tal ammegeitprodusentar stig, sjølv om buskapsstorleiken berre er 10 geiter i snitt. Geita er viktig – ingen kan konkurrera med henne i landskapsryddingsarbeid.

Eg vil òg nytta anledninga til å takka nokre av dei viktigaste støttespelarane i året som ha gått. Dette gjeld særleg Oppland Bonde- og Småbrukarlag og lokallaget deira i Nord-Fron, Nord-Fron Sau og Geit og fylkeslaga av Sau og Geit i Sør-Trøndelag, Hedemark, Buskerud og Akershus. Eg vil òg spesielt nemna Sidsel Røhnebæk hos FM i Oppland som verkeleg står på for oss.

I morgon skal så avlen stå i fokus. Fleire av oss var på avlskonferansen på Gardermoen førre helga og er stinne av avlsrelaterte saker frå der. Ein av hovudaktørane frå der, forskar Leiv Sigbjørn Eikje, vil starta morgondagen med framdriftsplan i avlsarbeidet. Sidan skal Ring 41 i Oppland halda årsmøtet sitt. I denne sekvensen kan seminardeltakarane velja dette årsmøtet eller ein alternativ tur til fjøsa, som dei andre er på i dag. Avlen i Oppland har gått sin vante gang. Spælavlenn og dei ”dårlegaste” avdelingane av NKS merkar kuttinga i tilskotet, medan dei ”beste” avdelingane går godt økonomisk. Vågå-avdelinga gjorde eit historisk resultat i 2009, og ligg i følgje Blichfeldt sine rangeringar på landstoppen. Ring 41 produserar no omtrent det marknaden vil ha av verar i Oppland, og greier seg godt. Men fortset den økonomiske tilbakegangen for overnemnte avdelingar kan Ring 41 verta nøydd til å støtta desse ekstra med eigne midlar. Ring 41 er nå frå å vera uglesett av avlsleiinga i etableringa, vorte drege fram som eit mønster for andre.

Mens vi diskuterar, informerar og vedtek saker vil som i fjor fleire damer bli undervist i skinnsaum av Brit Solheim, som vi er glade for å ha på plass att. Dei vil foredra eit av råstoffa småfehaldet skaffar oss. Så får vi sjå kva både skinnfelldamene og vi kan få gjort på ei helg.

God helg og lykke til med årsmøtet!

Vågå 20. februar 2010, Pål Kjørstad, leiar